



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 13.02.2026

Protokoll møte 6 - 26 i Høyanger kyrkjelege fellesråd

Torsdag 12.02.2026. kl. 10.00 – 12.30 på Høyanger kyrjekontor.

Innkalla:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Elisabeth Johansen, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik og Andreas Ester

Kopi av innkallinga går til:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Aud Saxrud, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, postmottak Høyanger kommune.

Frammøte:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Elisabeth Johansen, Andreas Ester, Frode Merkesvik og digitalt møtte: Toril Lange, Sissel Sørebo og Terje Søreide.

Meldt forfall: *Kjersti Søreide – vara møtte, Bjørn Harald Nybø*

Sakliste:

Opning av møtet:

- **innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 11.11.25 vart godkjent.**
- **Soknepresten har ordet:**
Sentralt i samfunnet er tillit. Vi treng tillit og samfunnet krev tillit for å vere vel fungerande. Det er i dag ei tillitskrise i samfunnet. Også for kyrkja er tillit heilt avgjerande. For kyrkja i møte med den enkelte og for kyrkja si rolle i samfunnet. For å bygge tillit er det å vere open og tydeleg viktig. Sist søndag var det Kristi forklåringsdag og læresveinane fekk eit særskilt forklårande møte men kven Jesus var. Slik må vi vere førebudde, syne og gi tillit – med Kristus som førebilete.

Meldingssaker:

1 Kyrkjeleg statestikk for 2025

Ein gjekk gjennom og fekk rapportar frå det enkelte sokneråd. Det generelle er at aktivitet og frammøte heng saman. Store arrangement gav ein god auke i besøkstala på Sørsida, Mange gravferder i Høyanger syner att i statestikken for Høyanger sokn og i Lavik merkar ein at det er berre ein konfirmant der i år.

2 Budsjett 2026. Revidert i høve kommunen sitt vedtak om tilskot til kyrkja. Kyrkjevevja la fram ein revisjon av det vedtekne budsjettet for 2026. Det er ein revisjon basert på nye tal og oppdatering av særleg det kommunale tilskotet i høve det opphavleg budsjettet.

3 Arbeidet med reglement og instruksar Dette arbeidet må ikkje bli for omfattande og ein må søke å få det gjort seinast etter den tidsplanen som er føreslått. Der vil ein vere ferdig i løpet av september 2026.

4 Møteplan for 2026 – Det er nyttig og ha ein møteplan og planen vart drøfta og oppdatert i møtet.

5 Fastsetting av kyrkjevevja si løn. Det vart informert om lønsutvalet si avgjerd i denne saka. Kyrkjevevja si løn vert justert med same lønsutviklinga som gjennomsnittet i det kyrkjelege tariffområdet.

6 Kyrkjevevja har ordet.

Helgestunder vil slik redaksjonen bestemte seg for i møtet måndag 9.2.26, kome med 3 nummer i 2026. Eit før påske, eit rett etter skuleferien og eit til advent.

Samarbeidsstillinga som kyrkjelydspedagog er no saman med Fjaler, Hyllestad og Askvoll fellesråd blir lyst ut på nytt med søknadsfrist 15.mars.

Vikar for sekretær er på plass og vonleg vil kyrkjevevja få betre tid til det langsiktige arbeidet.

På grunn av vakansar i staben vart det i 2025 brukt mindre pengar enn budsjettet. Det både på grunn av sparte lønsmidlar, men ikkje minst på grunn av at prosjekt vart skyvd på sidan arbeidskapasiteten vart lågare. Desse prosjekta går både på vedlikehald og på investeringar.

Vedtakssaker:

001/26: Godtgjersler for møte i fellesråd og sokneråd:

Vedtak:

Eit utsetjingsframlegg vart teke opp til votering fyrst.

Utsetjingsframlegget fall mot ei røyst.

Deretter vart to framlegg sette opp mot einannan:

Alt 1: a) Godtgjersla for møter i fellesrådet vert sett til kr 350,- pr møte. b)

Godtgjersla for møter i sokneråda vert sett til kr 0,- pr møte.

Alt. 2: a) Godtgjersla for møter i fellesrådet skal vere lik godtgjersla for utvalsmøta i Høyanger kommune, p t kr 650,- pr møte. b) Godtgjersla for møter i sokneråda vert sett til 30 % av summen i punkt a).

Alt 1 fekk ved avrøystinga to – 2 – røyster, og fall.

Alt 2 fekk sju – 7 – røyster, og vart dermed vedteke.

Godtgjerslene vert sette i kraft frå dags dato.

002/26: Søknad om tilskot til Vadheim bedehuskapell

Vedtak:

Vadheim bedehuskapell sin søknad om støtte for 2026 vert innfridd.

Samrøystes

003/26 Samansetning av fellesrådet etter at Torsten Müller har flytta frå Høyanger

Vedtak:

Ein av dei valde medlemane i fellesrådet har meldt flytting til utlandet. Frå Høyanger sokn er det difor oppnemnd ny representant med vara.

Høyanger kyrkjelege fellesråd får etter dette slik samansetnad:

Kyrkjebø sokn:

Sturla Bell Fossen og Kari Henny Dale, vara: Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard

Høyanger sokn:

Vidar Myren og Elisabeth Johansen, vara: Aud Saxrud

Lavik sokn:

Toril Lange og Bjørn Harald Nybø, vara: Eldrun Nordahl og Torunn Styve

Bjordal og Ortnevik sokn:

Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, vara: Sissel Sørebo og Camilla M. Ådland

Kommunal representant:

Frode Merkesvik, vara: Leif Arne Fureli.

Prostens representant:

Andreas Ester.

Samrøystes

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd